

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

Oslo, 24.05.2023
Vår ref. 23/945-11
633/ANSK
Dykkar ref. 23/5184

Att:

Høyring - Utgreiingsprogram for havbruk til havs

Høyringsuttalen sendast med atterhald om endeleg godkjenning i LOs sekretariat 05.06.2023.

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til Fiskeridirektoratets høyring på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet, med framlegg til utgreiingsprogram for dei tre områda Norskerenna sør, Frøyabanken nord og Trænabanken for konsekvensvurdering for havbruk til havs.

LO er nøgd med at ein no kan kome i gong med utgreiingsprogrammet for havbruk til havs for desse tre havområda. LO er òg nøgd med at regjeringa har vore tydeleg på at både sameksistens og omsyn til gytefelt og oppvekstområde for viltlevande fisk står heilt sentralt i prosessen med å legge til rette for havbruk til havs.

Marin sektor vil verte stadig viktigare for å skaffe verda mat. Potensialet for auka verdiskaping i sjømatsektoren ligg i berekraftig produksjon og auka bearbeiding i Norge, noko som òg vil gi auka mulighet for å nytte biprodukt og såleis få ytterlegare verdiauke. LO ser på mulighetene for havbruk til havs i norske farvatn som både ei svært lovande framtidsnæring, og som eit svært positivt bidrag til gode og trygge norske arbeidsplassar.

Områda er store, og kan på generell basis ville medføre store utfordringar med arealkonflikter og sameksistens. Særleg Trænabanken har både gyte-/oppvekst-felt og store volum pelagisk fisk, mykje maritim aktivitet, mm. LO føreset at dette vert nøye vurdert. Det kan ikkje akseptast om aktivitet frå havbruk til havs medfører negative følger for naturleg tilhøyrande fisk og fiskeria. Strenge miljøomsyn må vere ein føresetnad.

Utgreiingsprogrammet inneheld etter LOs syn for lite fokus på HMS, risiko, meteorologisk statistikk/vêr-data og korleis vêr, klimatiske og oseanografiske tilhøve i områda kan slå ut for arbeidstakarar. Dette må ha eit særskilt fokus. – Det er ikkje nok at det skal "hensyntas for havbruk til havs" at tilsette i akvakulturnæringa har risikoutsette yrke, slik det står i den føreslåtte teksten.

LO vil avslutnadsvis påpeike at det må gjerast vurderingar av samfunnsnytte i form av sysselsettingspotensiale i Norge, næringsutviklings- og verdiskapingsmuligheiter, samt heilheitlege verknader for samfunnet.

Med venleg helsing
LO Norge

Terje O. Olsson



(sign.)

Tor Jørgen M. Lindahl
(sign.)

Saksbehandlar: Anne-Beth Skrede

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.